

---

**Fra:** kjell.bruvoll@innovasjon norge.no  
**Sendt:** 3. februar 2016 08:20  
**Til:** Postmottak LMD  
**Emne:** Innspel til meldinga om jordbrukspolitikken

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Fullført

Vi viser til innspelsmøte om ny stortingsmelding om jordbruksnæringa på Gardermoen 12. januar.

Vedlagt følger innlegget som Innovasjon Norge hadde på møtet.

Innovasjon Norge står til disposisjon for LMD i det vidare arbeidet dersom det er ynskje om det.

Vennleg helsing

**Kjell Bruvoll**

Spesialrådgjevar landbruk

Innovasjon Noreg

**T.** +47 22 00 26 33

**M.** + 47 958 58 629

[Kjell.bruvoll@innovasjon norge.no](mailto:Kjell.bruvoll@innovasjon norge.no)

[www.innovasjon norge.no](http://www.innovasjon norge.no)

I invitasjonen er vi bedd om å komme med innspel til spørsmål om korleis vi kan

- auke matproduksjonen
- styrke effektiviteten
- redusere og forenkle verkemiddelapparatet
- få større friheit for næringsaktørane
- bedre konkurransekraften for jordbruksnæringa og tilhøyrande verdikjeder

- Vi ynskjer å begynne eit nivå høgare, og det er
  - Å styrke eller i det minste behalde, framsnakke og synleggjere dei **fortrinna** norsk matproduksjon har
- Dette er viktig for både å auke kunnskapen om – , skape stoltheit for norsk matproduksjon som ei kunnskapsbasert næring og møte konkurransen i ein friare verdshandel også for mat, og der norsk landbruk vil kunna få store utfordringar dersom det ikkje har fortrinn, omdømme eller forbrukarpreferansar.
- Sentrale fortrinn i denne samanheng er bl.a.
  - God dyre- og plantehelse og dyrevelferd
  - Lite bruk av antibiotika og plantevernmiddel, og derav lite restar i produkta
  - Og ikkje minst at produksjon og industri skjer så klimavennleg og berekraftig som mogleg. (Her vil eg rose Bondelaget for bl.a. deira ambisjon om fossilfritt landbruk innan 2030 og initiativ med førsteråd for klimavennleg matproduksjon)
- Kan nemne to av våre kundebedrifter som har gått internasjonalt med norske fortrinn og omdømme som klare preferansar i marknaden
  1. Norwegian Antibodies eksporterer antistoff frå hønseegg til bl.a. USA og Kina, og er vinnar av den nasjonale bygdeutviklingsprisen for 2 år sidan. Det at ein i Norge praktisk talt ikkje treng vaksinere høns for sjukdommar gjer den vel egna som produsent av antistoff.
  2. Vom og Hundemat som baserer produksjonen på førsteklasses +produkt frå næringsmiddelindustrien, har betydeleg eksport til fleire land og var nominert til den nasjonale bygdeutviklingsprisen i 2014. Hundesportsmiljøet er som andre toppidrettsutøvarar opptatt av trygg og god ernæring også for dei 4-beinte.
- Også markedsstudiar IN har gjort for LMD bekreftar at det kan vera markedspotensiell i fleire utanlandske marknader for «Food without» eller «mat utan» forskjellige ting
- Det er derfor ganske avgjerande at ein faktisk kan behalde den gode norske statusen på dyre- og plantehelse og det gode omdømmet norske råvarer og mat har.
- Jordbrukets verdikjeder har sin heilt opplagte plass i bioøkonomien enten det gjeld produksjon av mat, materialar/kjemikalar eller energi. I november var eg i Berlin på **Global Bioeconomy Summit**, og noko av det som der slo meg er kor mykje meir matproduksjon står på dagsorden mange i andre land.

- Så over til dei punkta vi vart bedd om å seie noko om, det må pga tidsavgresning sjølsagt berre bli eit lite utval. Eg går ikkje inn på tilgang til risikokapital, rammevilkår som lønnsomheit o.l. som må ligge i botnen, og som eg går ut frå at næringa understreka betydningen av i sine innspel. Eg vil legge meir vekt på erfaringar Innovasjon Norge har frå andre næringar. Vi må ikkje gjere landbruk meir spesielt enn nødvendig.

- **Auke matproduksjon**

Med unntak av storfekjøtt er vi i dag sjølforsynt og og vel så det for husdyrproduksjonar. Derimot er det betydeleg potensial innan planteproduksjon.

I Sogn og Fjordane har det vore ei vellukka satsing på frukt og bær, og fylket har no inntatt ein leiande posisjon på bringebær. Dette hadde ikkje vore mogleg utan verdikjedetenking og Arena-programmet.

Poenget er bedriftssamarbeid, nettverk og samarbeid i verdikjeda som fremmar av innovasjon, markedsorientering og verdiskaping. Eitt av dei siste liknande større initiativ er Oslofjorden frukt og bær som er omtalt i siste nummer av Gartneryrket, og der Innovasjon Norge også har medverka med nettverksordninga.

- **Styrke effektiviteten og betre konkurransekraft** vil eg behandle under eitt

Her vil eg fokusere litt på teknologiutvikling

Tidene endrar seg, og det er **ikkje** lenger slik som Herbjørn Sørebo sa i ei diktsamling frå 1972 om at «Bønder spelar ikkje tennis»

I den såkalla «Nordlandsundersøkinga» frå 2014 som Innovasjon Norge gjennomførte på større bruksutbyggingar for mjølk i Nordland, kjem det også tydeleg fram kor viktig teknologi er for ordna arbeidstid, trivsel og rekruttering.

Teknologileverandørane har vore og vil vera viktig for innovasjon, effektivitets- og produktivitetsutvikling i landbruket. Dei aller fleste utanfor landbruket er ikkje er klar over kor langt framme landbruket er teknologisk – også når det gjeld digitalisering.

På mange område er norske leverandørar av teknologi og tenester til landbruket den absolutte internasjonale teten, for eksempel Kverneland, Graminor, Norsvin, Geno og SpermVital. Innovasjon Norge har deltatt i fleire prosjekt med desse, både teknologiutvikling og å komme inn på nye utanlandske marknader.

Innovasjon Norge er overtydd om at tettare gjennom samarbeid mellom primærproduksjonen og norske leverandørar av teknologi og tenester vil styrke innovasjon og utvikling i verdikjeda. Innovasjon Norge vil derfor setje i gang eit meir målretta arbeid overfor desse etter mal av tilsvarande for leverandørar til marine næringar.

- Avslutningsvis vil vi også trekke fram nødvendigheiten av ein heilheitleg politikk.

- Dette går både på at

1. Ein har verkemiddel som fangar opp at landet vårt er svært så forskjellig ut frå naturgitte forhold og muligheiter til å ekspandere produksjonen på ein berekraftig måte

2. At ein **ikkje** kan sjå utviklinga av jordbruket isolert frå utviklinga av tilleggsnæringar, og omvendt. Dvs at stortingsmeldinga om jordbruksnæringa og stortingsmeldinga frå i fjor «Garden som ressurs – marknaden som mål — Vekst og gründerskap innan landbruksbaserte næringar» **må** henge godt saman.

- For eksempel for den enorme utviklinga som har vore på lokalmatområdet dei siste åra så er basisen for den eigen eller lokal råvareproduksjon og tilhøyrande industri. Dette vert også poengtert og trekt fram av dei mest meritterte av lokalmatprodusentane.